



Arkivnr: 2015/3680-6
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		02.06.2016
Fylkesutvalet		23.06.2016

Vidareføring av sykkelbyavtalen for Stord

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har saman med Stord kommune og Statens vegvesen (SVV) inngått ein 4-årig avtale om sykkelsatsing på Stord. Avtalen utgår i 2016, og fylkesrådmannen rår til å forlengje avtalen med 4 nye år. Det er ein fordel å forlengje denne før søknadsfristen for den nasjonale tilskotsordninga til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar går ut. Fristen for å søke om midlar for 2017 er sett til 01.09.2016

Forslag til innstilling

1. Fylkeskommune går inn for å vidareføre avtalen for «Sykkelbyen Stord» i perioden 2017 – 2020.
2. Det vert årleg sett av kr 200 000,- til føremålet over fylkesvegbudsjettet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.05.2016

Bakgrunn

I desember 2012 inngjekk Hordaland fylkeskommune, Stord kommune og SVV ein 4-årig avtale om å arbeide for å auke sykkelandelen gjennom prosjektet «Sykkelbyen Stord». Avtalen starta opp i 2013 og omhandlar hensikt og målsettingar for sykkelsatsinga i Stord kommune. Det er særleg fokus på området i og rundt Leirvik. I avtalen er det gjort greie for organiseringa av arbeidet og ressursbruk, både når det gjeld økonomi og fagfolk. Gjeldande sykkelbyavtale går ut i 2016 og det er difor behov for å vurdere vidareføring av denne.

Litt om sykkelbyavtalen på Stord

Økt satsing på sykkel og gange er ei nasjonal og regional målsetting som er forankra i ein rekke plan- og strategidokument. SVV har eit sektoransvar for sykkel og det inneber mellom anna ansvar for å spreie kunnskap og kompetanse om tilrettelegging for å auke sykkelbruken. SVV har oppretta eit sykkelbynettverk for tilsette i kommunar, fylkeskommunar og Statens vegvesen. Dette nettverket er opent for alle kommunar og fylkeskommunar som både politisk og administrativt som prioriterer å legge til rette for dei som sykklar. Sykkelbynettverket arrangerer mellom anna temasamlingar og studieturar som er retta mot både fagfolk, planleggarar og beslutningstakarar. Sykkelbynettverket har litt over 100 deltakarar, deriblant Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen og Stord.

I sykkelbyavtalen er det sett av ressursar til sykkelsatsing både på fylkeskommunen sitt fylkesvegbudsjett og gjennom SVV sine riksvegmidlar. Fylkeskommunen har bidrege med 200 000,- kr årleg, samt faglege og administrative ressursar. I tillegg er sykkelbyane prioritert i den nasjonale tilskotsordninga til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Denne ordninga vart etablert i 2015 og administrerast av SVV på vegne av Samferdselsdepartementet. Formålet er å bidra til ein raskare gjennomføring av tiltak som aukar framkomme for gåande og syklande. Inntil 50 % av kostnadene blir finansiert gjennom ordninga, mens den resterande summen må dekkast av lokale midlar. Stord kommune søkte i fjor om midlar til utbetringar langs Skrivarvegen (Fv 61) i 2016, og som vegeigar har Hordaland Fylkeskommune løyvd 5,7 mill kr til formålet (Fylkesutvalet 27.08.2015). Fristen for å søke om midlar til bruk i 2017 er sett til 01.09.2016. Fylkesrådmannen vil kome attende til aktuelle prosjekt i eige saksframlegg.

Partane i sykkelbyavtalen på Stord arbeider både med fysiske og mjuke tiltak. Det er mellom anna sett opp ei rekke parkeringsskur for sykkel på sentrale plasser i Leirvik-området. Ved nokre av desse plassane er det plassert sykkelpumper. Det har og vore gjennomført sykkel-arrangement med hinderløyper for barn, testing av el-sykkel og anna. For Stord kommune er sykkelsatsing viktig, og dette kjem mellom anna tydeleg fram i den politiske prinsippssaka om «Stordpakken» som vart handsama av kommunen 28.04.2016. Her er det tilrådd å gå vidare med fleire større sykkelprosjekt som vil krevje bompengefinansiering.

« Sykkelbyen Stord» har sin eigen logo og slagord som vert nytta i arbeidet med å marknadsføre sykkelkonseptet. Dette er synleg i sosiale mediar og diverse materiell som vert nytta til promotering.



Fylkesrådmannen sin tilråding

Fylkesrådmannen meiner prosjektet «Sykkelbyen Stord» har viktig funksjon for å synleggjere sykkelsatsinga i kommunen. Ein sykkelbyavtale er forpliktande for partane, og det vert stilt krav til deltakarane om å fokusere særskilt på sykkel i planarbeidet. «Sykkelbyen på Stord» har jobba både med «mjuke» tiltak (arrangement, sosiale mediar mm) og infrastruktur. Begge deler er viktig å ha med i eit sykkelfremjande arbeid, og som medlem av eit sykkelbynettverk vert arbeidet enklare. Sykkelbyer er også prioritert i søknad om ekstra midlar gjennom den nasjonale tilskotsordninga. Fylkesrådmannen vil anbefale

å vidareføre sykkelbyavtalen med Stord med 4 nye år. Det vert sett av kr 200 000,- årleg til dette på fylkesvegbudsjettet. I tillegg bidreg fylkeskommunen med naudsynte faglege og administrative ressursar.